



Frode Glomnes framfor eitt av favorittfjella sine, Ulvanåso.

**Like etter eg hadde snakka med dei 4 beigeistra Bergensdamene som hadde vore på Ulvanåso, trefte eg på Frode Glomnes frå Larvik som var var langt meir kjent i fjella rundt oss. Han hadde det til felles med dei 4 damene at han nærast hadde fått eit kjærleiksforhold til Uskedalsfjella og tar turar tilbake hit jamnt og trutt.**

Glomnes fortalde at det byrja for nokre år sidan, og etter å ha oppdaga den vakre naturen her med dei flotte fjella har det blitt ein del turar. I løpet av samtalen forstår vi at han er godt kjend i fjella på begge sider av dalen. Også idyllen rundt Mannsvatnet skildrar han for meg.

Han kom til Uskedalen laurdag morgon med bubil. På vegen hadde han stoppa i Sundal for ein fjelltur der dagen før. Han fortel at han jobbar skift i avisbransjen, innan A-media, og dermed har han ei veke fri i slengen. Det passar han utmerka i samband med reising og turar. På spørsmål får eg vita at han går i fjellet andre stader og, men for han er Uskedalsfjella heilt spesielle. Han berre må tilbake hit. Minst ein gong i året tar han turen frå Larvik over fjellet og hit. I tillegg vert det meir sporadiske turar.

- Eg kjører aldri forbi Uskedalen utan å stoppa for få meg ein vakker tur, seier han. Han legg til at han synes det er på sitt finaste no i mai. Då er fossane på sitt flottaste. Han trur aldri han har opplevd det så fint som på turen i Ulvanåso han nettopp er ferdig med.

Eg spør han om Ulvanåso er favorittfjellet hans. Då får han litt problem med å velgja. Etter litt vurderingar med mange superlativ kjem det:

- Englafjell er også heilt fantastisk, men der er det langt mindre folk som går, avsluttar Frode Glomnes. Ein ting er heilt sikkert! Det vert fleire turar i Uskedalsfjella på han.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.